

**Notat**

Dato: 24.06.2016
Arkivsak: 2014/278-35
Saksbehandlar: gudeinb

Til: Utval for miljø og samferdsel, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kollektivtilbodet i Vardenområdet haust 2016

I sak 130/2016 i fylkesutvalet i april 2016 vart det orientert om overordna planar for ruteendringar hausten 2016, med planlagde forbetingar i kollektivtilbodet for Varden. I arbeidet med detaljplanlegging av endringane har ein møtt på utfordringar som gjer at planen for kva linjer som skal gå over Varden er noko endra. Ein vil i denne saka gjere greie for dette, og samtidig gje ei oversikt over det samla kollektivtilbodet for innbyggjarane i området Varden – Hesjaholtet – Myrholtet frå august 2016.

Det blir også vist til sak 95/15 i fylkestinget frå desember 2015 og sak 47/16 i fylkesutvalet frå februar 2016, som skildrar endringar i kollektivtilbodet i Vardenområdet hausten 2015, arbeidet til aksjonsgruppa som er skipa i området og vedtak om å sikre kopling internt i området med kollektivtrafikk.

Linje 22 bind saman området

I sak 130/2016 i fylkesutvalet vart det orientert om plan for å forlenge linje 25 (Haukeland – Oasen) vidare frå Oasen over Myrholtet og Varden til Sandeidet terminal. Hovudformålet med dette var å binde saman områda rundt Krokatjønnvegen, Myrholtet, Allestadveien og Vardeveien, i tråd med politisk vedtak.

I detaljplanlegginga fann ein ikkje løysingar som gjorde at ein fekk takta linje 22 og linje 25 på ein god måte over Varden. Å ha to busslinjer med samtidige avgangar i eit område er ingen tent med. Skyss har difor utarbeidd ei løysing der ein bind saman denne same traséen med linje 22, og får fleire avgangar på denne linja. Ein vil dermed ikkje gjennomføre forlenging av linje 25 som skildra i tidlegare sak.


Med dette tillegget vil det samla kollektivtilbodet i området sjå slik ut:

- Linje 22 (Lagunen – Steinsvik – Dolvik – Oasen) får ny trasé over Sandeidet – Vardeveien – Myrholtet. Linja får i overkant av 50 avgangar kvar retning på ein vanleg kvardag. Frekvensen på avgangane blir som følgjer:
 - rush: avgang kvart 10-15 min
 - dagtid: avgang ca. kvar halvtime (fram til ca. kl. 21)
 - etter kl. 21: avgang kvar time
 - laurdag: avgang kvar halvtime fram til ca. kl. 17:30, deretter kvar time
 - søndag: avgangar kvar time (annankvar time før kl. 12)

- Linje 50E (Sandsli – Dolvik – Oasen – Bergen busstasjon), styrka til ti-minutts frekvens også ettermiddag, samla i overkant av 60 avgangar i kvar retning.
- Linje 4 (Flaktveit – Hesjaholtet), styrka med ti-minutts frekvens i lengre periodar enn i dag, samla omlag 100 avgangar i kvar retning

Kartskissa under viser linjene med planlagd trase.

Dei reisande frå området har moglegheit for direkte reise til Bergen sentrum med linje 4 og linje 50E. Med linje 22 er det er lagt opp til omstiging på Oasen. Avgangstidene er her planlagt slik at dei passar med avgangar på linje 50E eller linje 4, så langt dette har vore mogleg. Som alle stader i kollektivnettet vil forseinkingar kunne medføre at ein kan misse på planlagt overgang. Ei ulempe med denne omlegginga er noko lengre reisetid (omlag tre minutt) for reisande med linje 22. Endringane vil bli evaluerte utover hausten.



Figur 1 Kartskisse som viser planlagd trase for busslinjer i Vardenområdet.

«Alt heng saman med alt» i linjenettet

Utfordringane med å få takta avgangstidene på linje 22 og linje 25 er eit eksempel på korleis «alt heng saman med alt» i linjenettet, og ei endring på ei linje som er ønska ein stad kan ha konsekvensar andre stader i byen.

Linje 22 går frå Lagunen, via Steinsviken, Dolvik terminal, Varden og til Oasen. Avgangstidene på denne linja er planlagt ut frå fleire omsyn, mellom anna takting med linje 52 i Steinsviken. Frå hausten går linje 22 og linje 52 begge via Steinsviken, og det er også her viktig at dei ikkje går samtidig. Start- og sluttider på fleire skular i området påverkar kapasitetsbehov og avgangstider i stor grad, og må bli teke omsyn til. Det er også samanheng mellom avgangstidene på linje 22 og linje 21 (Lagunen – Haukeland), slik at ein får moglegheit for overgang mot denne store arbeidsplassen som Haukeland sjukehus er.

Avgangstidene på linje 25 (Haukeland – Oasen) er knytte opp mot start- og sluttider for skifta på Haukeland sjukehus, og dette er avgjerande for at denne linja skal fylle sin funksjon for arbeidsreisande til og frå sjukehuset. For å oppnå effektiv og økonomisk drift av linja er bussane som kører på linje 25 linja kopla med linje 20 (Haukeland sjukehus – Storavatnet terminal). Dette gjer at avgangstidene er planlagt for mogleg overgang til Sotra- og Askøylinjene på Storavatnet terminal. Linje 20 er vidare driftsmessig kopla med linje 24 (Olsvik – Loddefjord terminal – Oasen), som igjen heng saman med avgangstider for mange lokale linjer i Loddefjord.

Både omsyn til at dei reisande skal kunne bytte mellom linjer for å kome dit dei skal, og behovet for å leggje opp til eit kostnadseffektivt driftsopplegg for operatør, gjer ruteplanlegging komplekst. Dette krev at Skyss må vurdere ønska ruteendringar i eitt område opp mot konsekvensar for heilskapen.